


Ruta vår går i år fra Oppvekstsenteret på Valen til Handeland Gard



Turen tar ca 45 – 60 min.



31. Mai
2006

Start fra Valen Oppvekstsenter kl 17.30



Vegvisar Valen 2006

*Kulturvandring fra
Valen til Handeland*



Kr 20


Utgjeven av Valestiftinga 2006
Inntekta går til tilrettelegging av turstiar i nærområdet

① Søre-Valen gard.

Hovudtunet på den gamle Valegarden Restane etter kjempeeika. Paddebruo.

Etter at det gamle våningshuset i Søre-Valen brann ned, vart nytt bygg sett opp ca 1905. I tunet var det i tillegg Borgstove og Stabbur. På oversida av vegen stod løebygningen og ved elva eldhus/vaskehus og kvern.

I tunet stod det og eit stort eiketre som skal ha vore eit av dei største i Skandinavia, 10m i omkrets. Det var på midten av 1800-talet anslått å vera over 900 år gammalt. Restane etter treet viser enno att like nedanfor trappa. Starten på turen vår på den gamle postvegen tar til her ved "Paddebrua" like nedanfor tunet i Søre Valen.



② Gamle kraftstasjonen

Den gamle kraftstasjonen stod ferdig i 1910.

Ing. Chr. Drangsholt var sjef for utbygginga. Det var vanleg at kraftstasjonar på denne tida vart bygd mest som katedralar eller kyrkjer. Hovudføremålet med stasjonen var å levera kraft til sjukehuset, men etter kvart vart det levert straum til andre i bygda og.

③ Plassahaugen

Eit av dei første husmannsplassane på Valen låg her.

Grunnmurane etter plasshusa viser enno att i terrenget mellom "Gamlasago" og postvegen.

④ Bakken og Bakkabrekko

Frå Bakken er utsikten mot Valøya og Nordevågen. Like ovafor ligg "Utsikten" på haugen ved hovudvegen. Den store skjeringa med steinmuren på hovudvegen vert kalla "Løkken-akorten", etter han som leia vegarbeidet då "Nyevegen" vart anlagt kring 1916.

⑤ Knatten, Høgehaugen og Minekleiv

Ferdig med Bakkabrekko kjem vi opp til Knatten. Her må vi følgja hovudvegen inn til Høgehaugen. Her er eit flott panorama-utsiktspunkt mot nordvest. Herifrå føl vi vegen bort til "Minekleiv" der postvegen går ned i "Lio".

⑥ Lio og Trollfuro og Eikjelio

I Lio ligg grunnmurane etter ein av dei siste husmannsplassane på Valen. Kristian Sakseide budde her til midten av 1940-åra.

Før vegen stig oppover mot Gravahaugen ligg grenseskiftet mellom Handeland og Valen. I eldre tid stod det ei svær furu her, staden vert enno kalla "Trollfuro". I lia nedanfor, mot sjøen ligg Eikjelio, eit lite småbruk som vart rydda tidleg på 1900-talet.

⑦ Uren, Luren, himmelturen.

Opp bakkane frå Lio kjem me til kryssinga ved hovudvegen. Oppe mot nord ragar Åsane med Eikjerusto og Gråuro. Fossberghaugen mot sør nedanfor hovudvegen. (Gangsti til Treo og Gangstø). "Gravahaugen" er nemninga på området ovafor hovudvegen til postvegen kryssar hovudvegen innanfor Træo (Steinabakkjen). Frå Gravahaugen går det frå gammalt gangsti opp på Åsane. Det vesle dalføret opp her heiter "Luren". Eit festepunkt her er "Lurasteidn" midt oppe i lia. (Tursti opp på Åsane er planlagt rydda her.)

⑧ Treo

Treo var eit husmannsplass under Handeland gard. Husa vart rivne i 1970 åra. Nedbeiting gjer at kulturlandskapet enno vert halde i hevd. I lia nedafor mot Gangstø og sjøen er det nermast som ein park å rekna. Her veks det mykje osp og eik. Skogbotn gjev her grobotn til mange sjeldne planter. I området nedover mot sjøen veks det mellom anna mykje ramslauk.



⑨ Postvegen vidare går ned Steinabakkjen, til Handelandssekjo. Her går gardsvegen til Gangstø, ein del av Handeland som vart frådelt tidleg på 1800-talet. På toppen av Banabrekko kjem vi til ei slette som hallar ned mot Handelandsjøen. I dette området hadde Peder Montagne Lillienkjold reiparbane tidleg på 1700-talet. Banabrekko har namn etter dette. Postvegtraseen vidare er borte, den føl i stor grad riksvegen forbi "Kleivanakken" og kryssar Handelandselva på ei trebru som låg like ovafor der brua går i dag.



⑩ Gardsvegen til Handeland

Vår rute tar av frå Postvegen oppe på Gravahaugen. I svingen opp mot Stikkstølen stansar me opp og helsar på Stikkstøls-tussane; ein gjeng brakastubbar som passar på folket som går forbi. Etter Stikkstølen kjem vi til grinda i Handelandskleiva. Høgda innanfor her vert kalla Trollborg. Ein stad for tussar og troll. Ved murane etter den gamle potetkjellaren tar det av ein gangsti mot Handelandsdalen. Vi forset og kjem ned i Handelandstunet, like ovafor smia og hønsehuset.



⑪ Handeland Gard

Frå gammalt av, avlsgarden til Halsnøy kloster. Kring 1700 budde Peder Montagne Lillienkjold her. Han hadde marmorsag ved Handelandsjøen og var utskipar av marmor til København ved bygginga av Christiansborg slott. Dahl-slekta åtte Handeland frå midten av 1700 til kring 1900. Valen sjukehus overtok garden i 1921. Det gamle våningshuset brann ned til grunnen i 1933. Husa som står på garden i dag vart bygd opp i åra etter dette.

